

## 1 Venstres verdigrunnlag.

2

3 Venstre er Norges einaste sosialliberale parti.

4 Venstres idfundament og ideologi er forankra i respekten for den enkeltes menneskeverd,  
5 den enkeltes sosiale ansvar, eit liberalt verdisyn og eit økologisk heilskapssyn.

6

7 Venstre vil arbeide for eit samfunn som byggjer på demokrati, rettsstaten, ein regulert  
8 marknadsøkonomi og eit aktivt sivilsamfunn.

9 Venstre ynskjer at mykje frihet for den enkelte må kombinerast med samfunnsånd og  
10 medansvar for å møte fellesskapets behov og utfordringar.

11

12 Menneskeskapte klimaendringar med tap av natur og artsmangfald er vår tids største  
13 utfordring. Klima- og miljøpolitikken må derfor overskygge alle øvrige politikkområder.

14 Vidare må folkehelseperspektivet gjennomsyre alle samfunnsområder.

## 15 Venstres Vestland

16

17 Frå 2020 vert fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland slått saman til Vestland,  
18 som vil bli ein av landets største og mest livskraftige regionar.

19

20 Venstre helsar regionreforma og den nye regionen velkommen. Som liberalt parti er det eit  
21 mål at vedtak skal takast nærast mogeleg innbyggaren, og vi vil at reforma skal medføre reell  
22 desentralisering av makt, fleire oppgåver, ressursar og kompetanse frå staten til regionen  
23 Vestland. Slik vil vi styrka demokratiet og samfunnsutviklinga i regionen vår. Målet på sikt er  
24 å få til ein samla region for heile Vestlandet, som får endå større grad av regionalt sjølvstyre,  
25 innanfor område som samferdsel, areal- og miljøforvaltning, ressursforvaltning, utdanning,  
26 helse, kultur og næringsutvikling.

27 Våre særlege fortrinn og ressursar, identitet og historie gjev grunnlag for ein ny og  
28 berekraftig Vestlandsregion. Venstre vil nytte dei rike natur- og kulturressursane våre for å  
29 skape vekst, utvikling og arbeidsplassar i heile regionen.

30 Bergen er vår sterke regionhovudstad og i alle deler av regionen har vi livskraftige tettstader  
31 og bygder. Å vidareutvikla samspelet mellom Bergen, tettstadene og bygdesamfunna våre  
32 vert sentralt for Venstre, når vi no skal gå i gang med å utvikla Vestland. Vi vil vidareutvikle  
33 eit næringsliv i verdensklasse, stimulere til sterke oppvekst- og kunnskapsmiljø og fremje ei  
34 berekraftig forvaltning av vårt unike natur- og kulturlandskap. Vår felles kulturarv gjer  
35 Vestland til ein kulturell spydspiss, nasjonalt og internasjonalt.

36 Eit sterkt Vestland med styrka makt og oppgåver må også arbeide for vidare utflytting av  
37 statlege arbeidsplassar frå Oslo og Austlandet. Det skal bidra både til å både spreie makta i  
38 landet, og skape auka grunnlag for vekstkraftige bu- og arbeidsmarknadar i heile regionen.

39

40

41

1 Venstre vil:

- 2 • utnytte våre naturgjevne fortrinn for å skape vekst og utvikling
- 3 • nytte teknologi og digitalisering som verktøy for å korte ned avstandar, kommunisere
- 4 og løyse oppgåver uavhengig av geografiske avstandar
- 5 • arbeide for at ytterlegare oppgåver vert overførte frå staten til folkevalde regionar, til
- 6 dømes barnevern, kulturoppgåver og sjukehus
- 7 • at regionane får større mynde over egne ressursar og økonomi, bl.a. gjennom
- 8 omfordeling og skatteinnkreving
- 9 • flytte ut og spreie statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar til alle delar av
- 10 regionen
- 11 • vidareutvikle attraktive regionsenter med breie tenestetilbod og sterke kunnskaps- og
- 12 innovasjonsmiljø i alle deler av regionen. Statlege arbeidsplassar og institusjonar må
- 13 lokaliserast slik at dei støttar oppunder god lokal by- og regionsenterutvikling.
- 14 • auke det internasjonale samarbeidet, særleg innan klima og kulturspørsmål.
- 15 • Vidareføre og styrke Nordsjøsamarbeidet for heile regionen
- 16 • Styrke Vestlandsk Brüsselkontor

17  
18  
19  
20  
21  
22  
23  
24  
25  
26  
27  
28  
29  
30  
31  
32  
33  
34  
35  
36  
37  
  
38  
39  
40  
41  
42

## 1 Eit grønnare Vestland

2

3 Menneskeskapte klimautfordringar og tap av natur og artsmangfald er vår tids største  
4 utfordring. Å kutte klimagassutslepp, bevare naturen og forvalte jorda sine ressursar på ein  
5 berekraftig måte er naudsynt for å sikre jorda for generasjonane som kjem etter oss, men det  
6 gjer også nye moglegheiter for god livskvalitet og verdiskaping. Venstre vil derfor gjere det  
7 enklare for innbyggjarane i Vestland å velje miljøvennleg, uansett om ein bur i by eller bygd.  
8 Venstre vil leggje til rette for at næringslivet skal kunne satse på grøn innovasjon og fornying,  
9 og bygge framtida på nye og konkurransedyktige næringar. Vestland Fylkeskommune skal  
10 sende tydelege signal om at den fossile alderen er over, gjennom innkjøp, reguleringar og  
11 økonomiske verkemidlar. Vestland fylke skal vere klimanøytralt innan 2030.

12

## 13 Miljø og klima

14

15 Venstre vil:

- 16 • Setje fornybar energi og teknologi først i all næringspolitikk og  
17 samferdselspolitikk
- 18 • Vestland fylkeskommune skal streve etter å oppfylle Paris-avtalen og FN sine  
19 berekraftmål. Dette skal liggje til grunn i samtlege av regionen sine  
20 ansvarområder.
- 21 • Arbeide for å redusere utslepp av miljøgifter og førekomst av miljøgifter i sjø,  
22 samt være svært restriktive til nye utsleppsløyve og sei klart nei til  
23 gruedumping i fjordane våre
- 24 • Auke satsinga på utbygging og utvikling av fornybar energi.
- 25 • Prioritere biodrivstoff frå avfall og anna, framfor biodrivstoff laga av mat.
- 26 • At Vestland skal ha ein samla fylkesdelplan for vindkraft, som tek vesentleg  
27 sterkare omsyn til urørt natur og kommunen sine meiningar om dette.
- 28 • Elektrifisere bilparken
- 29 • Gjennomføre ein overgang frå fossilt brensel til fornybar energi
- 30 • At Vestland skal vere eit føregangsfylke innan klimavenleg bygging.
- 31 • At alle fylkeskommunale verksemdar skal miljøsertifiserast og alle  
32 eigedomsprosjekt i fylkeskommunale regi skal ha passiv- eller plusshus-  
33 standard eller tilsvarande og skal fortrinnsvis byggast i tre.
- 34 • Medverke til at kommunane i Vestland blir klimanøytrale
- 35 • At alle fylkeskommunale innkjøp skal vere miljømerka.
- 36 • Ha for utsleppsfrie fylkeskommunale byggeplassar innan 2025
- 37 • Innføre tiltak for å produsere meir marin biomasse til mat- og  
38 energiproduksjon
- 39 • Jobbe for ein reduisering av kjøttforbruket og matsvinn i offentlege kantiner
- 40 • Jobbe for sterkare stimuleringsordningar for overgang til landsstrøm
- 41 • At Vestland skal vere førebudd på og tilpassa klimaendringane gjennom ei  
42 satsing på klimatilpassing.

43

1 Naturvern

2

3 Venstre vil:

- 4 • Ha ein bærekraftig arealplanlegging som sikrar biologisk mangfald. Me må ha
- 5 grundigare kartlegging og gjennom aktiv bruk og vern.
- 6 • Styre utbygginga av kraftverk i samsvar med vedtekne planar og legge vekt på
- 7 landskapsvern, friluftsliv og biologisk mangfald
- 8 • Ha ei bærekraftig oppdrettsnæring
- 9 • Unngå høgspenliner i luftspenn der det kjem i konflikt med viktige naturvernomsyn.
- 10 Jobbe for at sjøkablar blir tatt i bruk som eit alternativ.
- 11 • Prioritere vasskraftutbygging med magasin og utbygging der det er naturinngrep frå
- 12 før, og unngå/avgrense vasskraftutbygging i urørd natur
- 13 • Halde fram ordningar som sikrar nasjonale laksefjordar og laksevasdrag
- 14 • Samarbeide med lokale turlag og historielag om å kartlegge og gjere tilgjengeleg
- 15 kulturminne i Vestland fylke.
- 16 • Beskytta trua arta gjennom skjøtsels- og vernetiltak, og kjempe framende, skadelege
- 17 arta
- 18 • Redusere bruken av vegsalt, spesielt i områder der det skader naturen rundt
- 19 • Sikre reine fjordar, hav, sjøar, elver og strender i Vestland, fri for plast og anna
- 20 forureining.

21

22

23

24

25

26

27

28

29

30

31

32

33

34

35

36

37

38

39

40

41

42

43

44

45

46

## 1 Vidaregåande skule

2

3 Skuleeigarane si rolle er å setje skulane og lærarane i stand til å gjere jobben sin på ein best mogleg  
4 måte, og å sikre både valfridom for den einskilde, og ei god geografisk spreining av skular i fylket. Det  
5 er viktig å ha eit mangfald av vidaregåande skultilbod i Vestland, både når det gjeld linjeval og  
6 skulens måte å drive på.

7 Ein god dialog mellom skulane og næringslivet må bidra til at også nærings- og arbeidslivet sine  
8 behov er relevant ved vurderinga av kva opplæring som skal verte tilbydd. Ein sentral del av dette er å  
9 styrke elevane sine moglegheita for integrert praksisopplæring i bedrift.

10 Ordninga med fritt skuleval for elevane må halde fram i det nye Vestland fylket, slik at elevane får  
11 moglegheit til å velje skule kvar dei vil i heile det nye fylket. Samstundes ser Venstre det som viktig at  
12 elevar i så stor grad som mogleg skal kunne gå på skule i sitt eiga nærmiljø, noko som må sikrast  
13 gjennom å sikre gode skulemiljø i nærområda og god valfridom når det gjeld linjetilbod på alle skular,  
14 og vil vurdere opptakskriteria på ein slik måte at dette kan sikrast .

15 Venstre er opptatt av at alle elevar i vidaregåande skule vert sikra opplæring på sitt eige nivå, og at det  
16 må leggjast til rette for tilpassa opplæring for elevar med ekstraordinære behov knytt til dysleksi,  
17 lærevanskar, språk mv. Det er viktig at alle skular i Vestland har lærarar som har særskilt kompetanse  
18 knytt til slike vanskar.

19 Venstre vil:

20

- 21 • Sikre at skulestrukturen i Vestland fylke framleis er desentralisert og gje elevane god
- 22 moglegheit for plass på nærskulen.
- 23 • Sikre fortsett fritt skuleval for heile regionen
- 24 • Redusere fråfallet i skulen
- 25 • At alle skular i Vestland skal være universelt utforma og tilpassa alle grupper elevar.
- 26 • Sikre at alle elevar i vidaregåande skule får dei undervisningstimane dei har krav på
- 27 • Gje lærarane meir tid til undervisning gjennom reduserte krav til rapportering.
- 28 • Auke satsinga på internasjonalisering for elevar i den vidaregåande skulen på
- 29 studiespesialiserande og yrkesfag.
- 30 • Dimensjonere utdanningstilbodet i den vidaregåande skulen meir i samsvar med
- 31 næringslivet sine behov
- 32 • Utvikle pilotprosjekt for nynorsk formidling i vidaregåande skule
- 33 • Oppretthalde Manger folkehøgskule som eit senter for korpsmusikk
- 34 • Gje høve til eksamen om sommaren, og for dei som ikkje tek sommarskule
- 35 • Fagskulane må vidareutviklast, i nært samarbeid med vidaregåande- og høgskular
- 36 • Sikre ei god seksualundervisning på vidaregåande skule
- 37 • Seie nei til narkotikaaksjonar med hund på vidaregåande skular i Vestland
- 38 • Undersøkje høvet for nettbaserte skulefag som supplement til vanlege fagtilbod
- 39 • At elevane i vidaregåande opplæring må få prøve seg meir ute i arbeidslivet.
- 40 • Gi lærarane meir tid til undervisning gjennom redusert krav til rapportering
- 41 • Vidareutvikle skreddarsydde utdanningstilbod retta mot kvalifisering av innvandrarar.

42

43

44

## 1 Skulemiljø og førebygging av fråfall i vidaregåande skule

2

3 Godt skulemiljø er ein av dei viktigaste faktorane for å motivere elevane til skulegang og  
4 unngå fråfall. Å gjere alt som er mogleg for å hindre mobbing og skape gode og inkluderande  
5 skulemiljø er ei av fylkeskommunen sine viktigaste oppgåver.

6

7 Fråfall i den vidaregåande skulen er ei stor utfordring for samfunnet. På alle nivå i  
8 grunnskulen kan effektive tiltak setjast i verk for å hindre fråfall i den vidaregåande skulen.  
9 Det er naudsynt med samarbeid mellom kommunane og fylkeskommunen.

10

11 Informasjonsutvekslinga må betrast samtidig som personvernet til elevane vert tatt vare på.  
12 Det må være samarbeid mellom ungdomsskulane og vidaregåande skule for å sikre gode  
13 overgangar og god rettleiing om karriere- og utdanningsval.

14

15 Venstre ser det som viktig å styrke skulehelsetenesta for å redusere fråfallet, og vil også  
16 vurdere å ha tilsette på skulen med særskilt ansvar for skule- og elevmiljøet, det være seg i  
17 lærarstaben eller særskilde miljøarbeidarar. Skulane skal vere rusfrie, og det er viktig at  
18 politiet og helsevesenet mfl. arbeider målretta med førebyggjande arbeid.

19

20 Venstre vil at skulane skal tilby gratis leksehjelp/ekstraundervisning til dei som treng det.

21

22 Venstre vil setje strengare krav til rådgjevarane sin kompetanse ved at rådgjevarane skal ha ei  
23 heilskapleg forståing for samanhengen mellom elevane sine føresetnader, skulane sine tilbod  
24 og kva næringslivet treng.

25

26 Venstre vil:

27

- 28 • Styrke rådgjevarane si kompetanse og rolle overfor elevar som treng rådgiving om val  
29 av studieretning.
- 30 • Betre opplysning om alternative vegar til fagbrev
- 31 • Prøve ut ordningar for elevar med særskilde utfordringar som har mista retten til  
32 vidaregåande opplæring. I dette ligg det m.a. styrking og utvikling av  
33 produksjonsskuletilbodet.
- 34 • Stø opp om, og følge opp mobbeombodet og elev- og lærlingeombodet sitt arbeid og  
35 tilrådingar.
- 36 • Sørge for at det vert gjeve undervisning i livsmeistring.
- 37 • Styrke skulehelsetenesta og gi bidrag til kommunane slik at den kommunale  
38 helsesjukepleiertenesta vert utvida i vidaregåande skule
- 39 • ha skulefrukost på alle vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune. Dette kan  
40 gjerast i dialog med frivilligheita og kommunane.
- 41 • Ha ein skulestruktur som gjer eit godt tilbod og i distrikta

42

## 43 Yrkesfag

44

45 Dei yrkesfaglege studieretningane i den vidaregåande skulen er det viktigaste satsingsområdet  
46 for Venstre i denne perioden. Yrkesfag representerer ei av dei viktigaste kjeldene til

1 næringsutvikling og nyskaping på Vestlandet, samstundes som utfordringar knytte til fråfall er  
2 størst i denne delen av opplæringa.

3

4 Venstre vil auke fokuset på arbeidstrening og nyetablering ved å styrke samarbeidet med det  
5 lokale næringslivet og satse vidare på elevverksemder og gründerkurs.

6

7 Elevar på yrkesfag må få høve til ei meir fleksibel læretid, både med omsyn til korleis  
8 læretida vert lagt opp, og når det gjeld tidspunkt. Alle elevar bør få lærlingplass, og  
9 oppfølginga av den einskilde lærling må bli betre

10

11 Venstre vil:

12

- 13 • Styrke samarbeidet med det lokale næringslivet om arbeidstrening og elevverksemder
- 14 • Jobbe for at alle lærlingar får læreplass. Dette inneber at det offentlege må tilby fleire
- 15 læreplassar, og at anbodskrav knytt til lærlingar må handhevast og styrkast.
- 16 • Ha oppfølging og god kontakt mellom skule og lærlingar
- 17 • Auke satsinga på opplæringskontor
- 18 • Styrke og utvide ordninga med lære kandidat
- 19 • Gjere det enklare å starte rett i lære etter grunnskule, kombinert med fagleg oppfølging
- 20 (vekslingsmodellen)
- 21 • Ha auka satsing på marknadsføring av yrkesfaga
- 22 • Oppdatere utstyrsarkane slik at dei tilsvara det ein finn elles i arbeidslivet. Det er her
- 23 naudsynt med eit nært samarbeid med eksisterande næringsliv for også å kunne sikre
- 24 dette utanom skulenes lokalar.

25

## 26 Studieførebuande opplæring

27

28 Den studieførebuande opplæringa i Vestland kan styrkast gjennom betre samarbeid med dei  
29 høgare utdanningsinstitusjonane i fylket. Venstre vil gjere det enklare for skulane å gjere bruk  
30 av kompetanse frå universitetet og høgskular, til dømes gjennom å gje skuleelevar høve til å  
31 følgje undervisning på høgare nivå.

32

33 Studierådgevinga må ha kontakt med dei høgare utdanningsinstitusjonane og næringslivet. I  
34 tillegg er det viktig med eit større fokus på entreprenørskap og nyetablering, og med det å  
35 sikre at elevane er medvitne om korleis dei skal omsetje kunnskap til praktisk nytte og eiga  
36 utvikling.

37

38 Venstre vil:

39

- 40 • Styrke samarbeidet mellom skulane og dei høgare utdanningsinstitusjonane
- 41 • Auke fokuset på entreprenørskap og nyetablering i skulen
- 42 • Ha elevverksemder på alle vidaregåande skular
- 43 • Betre studierådgevinga

44

## 1 SAMFERDSLE

2  
3 God infrastruktur er avgjerande for busetnad, miljø og næringslivet. Vestland Venstre har tre  
4 hovudprioriteringar i komande periode.

5 Det eine er å ha trygge og framkomelege vegar som redusera reisetida internt i regionen.  
6 Trafikksikring og trafikktryggleik må få høgaste prioritet. Vårt mål er å nå ein nullvisjon i  
7 løpet av programperioden. Det andre er å vidareutvikla kollektiv tilbodet i heile fylket,  
8 inklusiv bybanetilbodet i Bergen.

9 Det tredje er å halda fram med utbygginga av digital infrastruktur.

10  
11 Gul midtstripa, rassikring, bruk av ferjeavløysingsmidlar, auka vedlikehald og at ferjerutene  
12 er tilpassa folket og næringslivet sine behov, er verkemiddel for at vi skal få kortare reisetid  
13 på tryggare vegar i den nye regionen.

14  
15 Dissens 1 : Fleirtalet ynskjer tekst B.

16 *A. Dette må sikrast før svært dyre fjordkryssingar.*

17  
18 *B. Venstre seier nei til ei kostbar og miljøødeleggende bru over Bjørnefjorden og vil i*  
19 *staden ha greidd ut ein indre trase for E 39 med 2-3 felt, samt ein arm inn mot E 134.*

20  
21 Auka satsing på kollektivtransport, gåande og syklande er vesentleg for ein berekraftig vekst i  
22 Bergensregionen og dei større tettstadane våre. Vi vil at fleire skal kunne velje  
23 kollektivtransport framfor bil. Betre korrespondanse mellom all kollektivtransport er viktig,  
24 særlig for distrikta utanom Bergensregionen.

25 Venstre ynskjer billigare kollektivtransport i heile fylket.

26 Vidare utbygging av digital infrastruktur er viktig for at den nye regionen skal kunne  
27 nyttiggjere seg av heile regionen, og hevda seg i konkurransen om oppdrag og arbeidskraft  
28 både nasjonalt og internasjonalt.

29  
30 **Mobilitet:**

31  
32 Venstre vil:

- 33  
34
- 35 • Leggje større vekt på miljø og kvalitet i anbodskriteria
  - 36 • Utvikla båtutbudet slik at det vert tilpassa lokale behov og korrespondere med  
37 annan kollektivtransport, slik at kystsamfunna våre kan fungera best mogeleg.
  - 38 • Vurdera andre former for serviceskysordningar enn ordinære rutebussar
  - 39 • Bygge ut innfartsparkering ved utvalde kollektivknutepunkt.
  - 40 • Arbeide for eit felles billettsystem på all kollektivtrafikk i regionen
  - 41 • Innføre færre soner innan kollektivtilbodet i heile Vestland
  - 42 • Ha eit kollektivtilbod med tilrettelagt korrespondanse i kommunane
  - 43 • Ha samsvar mellom utvikling av kollektivtilbod og innkrevjing av bompengar for  
44 utbygging av kollektivtilbod, sykkel og gange i samband med byvekstavtalar
  - Gje bussen prioritet i lyskryss



- 1 • Vurdere ungdomskort for ungdomsskuleelevar
- 2 • Ha som mål å utvide «trygt heim-ordninga»
- 3 • At all offentleg transport skal vere universelt utforma
- 4 • Heve grensa for at barn reiser gratis frå dei er 4 år inntil dei er 10 år
- 5 • Gjere ungdomskortet tilgjengeleg for ungdom frå og med 10 år til og med 21 år.
- 6 • Billegare månadskort for studentar, og la studentkort gjelde heile regionen
- 7 • Venstre vil at Vestland skal prøve ut nye mobilitetsløysingar, og at regelverket må
- 8 tilpassast dette.
- 9 • Føra ein drosjepolitikk som kan gjera det mogleg å leva som løyvehavar og/eller
- 10 drosjesjåfør i eit fornuftig regulert konkurransesystem, og ha språkkrav til
- 11 drosjesjåførane
- 12 • Drosjenæringa må ha same klimamål som anna kollektivtransport
- 13 • Utarbeida sonesystem for heile fylket
- 14 • Kollektivtilbod på kveld og ettermiddag til alle campus i Høgskulen på Vestlandet
- 15 utanfor sentrum.
- 16 • Etablere eit selskap, eigd av Vestland fylkeskommune, Bergen kommune og øvrige
- 17 berørte kommunar i fellesskap, til å forvalte og utvikle kollektivtilbodet i
- 18 Bergensområdet
- 19 • Ha bysyklar og i regionsentra.
- 20 • Knyta bysyklar opp til månadskort gjennom ei rabattordning, i dei kommunar det
- 21 gjeld.

22

#### 23 Vegar:

24

- 25 • Prioritere trafikktryggleik og vegvedlikehald
- 26 • Prioritere sambinding av den nye regionen gjennom ein effektiv kyststamveg
- 27 • Sikre gode vegsamband austover for å ivareta næringslivet sine behov
- 28 • Ha kortare reisetid til Bergen og dei andre regionsentra
- 29 • At det skal løyvast vesentleg meir midlar til rassikring, tryggleik og auka standard av
- 30 fylkesvegane

31

32 *Dissens 2 og 3: skal ein nemne prosjekt spesifikt eller ikkje. Mindretal ynskjer å ha tekst i*

33 *raudt med.*

34

- 35 • Arbeide for at viktige samferdsleprosjekt i regionen, som E 16, E 39 og Ringveg Aust
- 36 vert prioritert høgare i Nasjonal Transportplan. **Prioritere ny E 16 Bergen-Voss og**
- 37 **greie ut ei rimelegare løysing på Hordfast om indre trase.**
- 38
- 39 • **Kystvegen Bergen-Ålesund må realiserast**
- 40
- 41 • Sikre tunnelar langs regionale skulevegar med lys
- 42 • Lage ein plan for veglys langs regionale skulevegar
- 43 • Samarbeide med private aktørar, kommunar og stat om utbygging av sanitæranlegg og
- 44 kvileplassar langs vegane

- 1 • Ha trafikksikringstiltak som gjer at alle kan gå og sykle trygt til skule, jobb og
- 2 fritidsaktivitetar
- 3 • Stø opp om godkjenningsordninga «Trafikksikker kommune» og arbeida for at
- 4 Vestland fylke skal bli godkjent som «Trafikksikker fylkeskommune»
- 5 • At det skal vere telefon- og DAB-dekning langs alle fylkesvegane inklusiv tunnelar
- 6 • Når kommunane slår seg saman bør fylkeskommunen legge til rette for at vegsamband
- 7 mellom kommunesentra vert best mogeleg.

8

#### 9 Miljøvenleg transport og mjuke trafikantar:

10

- 11 • Bygge ut gang- og sykkelvegane i regionen
- 12 • At alle nye vegtrasear i tettbygde strom skal ha gang- og sykkelfelt
- 13 • Bidra til endå betre infrastruktur for null- og lågutsleppskøyretøy
- 14 • Stimulere til at tungtransporten, ferjene og båtane vert meir miljøvenleg
- 15 • Auka delen av kostnadane miljøvenlege køyretøy skal betala av kostnadane med
- 16 vegutbygging og kollektivtrafikk
- 17 • Arbeida for at meir gods vert transportert på kjøl
- 18 • Arbeida for å realisera Stad skipstunnel
- 19 • Fylkeskommunen skal aktivt samordna sin samferdslestrategi med kommunane slik at
- 20 ein til dømes kan gjere det rimelegare å føra fram straum og vatn.

21

#### 22 Skinnegående transport:

23

- 24 • Rusta opp Bergensbana slik at reisetida Bergen-Oslo blir konkurransedyktig med fly.
- 25 • Vestland Venstre vil prioritera utbygging av veg/jernbane mellom Bergen og Voss.
- 26 (K5)
- 27 • Gje regionen ansvaret for drifta av Vossebana og å integrere denne i
- 28 kollektivopplegget i Vestland Region.
- 29 • Bygga ut Bybanen til bydelane i Bergen

30

31

32

33

34

35

36

37

38

39

## 1 Kunst , kultur og frivillighet:

2

### 3 Kunst og kultur:

4

5 Kunst og kultur har eigenverdi og skapar refleksjon og innsikt om verdiar, samfunn og kva  
6 det vil si å være menneske.

7

8 Kunstpolitikk handlar om deltaking og om å styrke samhald. Kulturpolitikk handlar om å  
9 stimulere og leggje til rette for sosiale arenaer der eit breitt spekter av kulturuttrykk får utfalde  
10 seg.

11 God kunst og kulturpolitikk er demokratibyggende. Den vil på same tid styrka limet i  
12 samfunnet og vera arena for meiningsytring og mangfald. Kunst som utfordrar utløysar  
13 samtalar.

14 Kunst- og kulturpolitikken skal stå på skuldrane til den vitale vestlandske kulturarven og  
15 aktivt støtte og arbeida for at ny musikk, scenekunst, skrivekunst og visuell kunst frå  
16 Vestlandet ligg i bresjen og set agendaen i kraft av å vera nyskapande g aktuell.

17 Kunst og kultur er vesentlege og nødvendige bidragsytarar for nærings- og distriktsutvikling i  
18 heile region Vestland.

19

20 Bergen er eit kulturelt tyngdepunkt i Norge med internasjonalt nedslagsfelt. Staten og Region  
21 Vestland må difor bidra aktivt til vidareføring og vidareutvikling av Bergen som kulturelt  
22 fyrtårn.

23

24 Vestland Venstre vil jobbe for at staten erkjenn sitt ansvar for dei nasjonale kulturinstitusjonar  
25 som ligger i Vestland region. Vestland Venstre vil samtidig arbeide for at fleire oppgaver  
26 innan kulturfeltet overførast frå statleg til regionalt nivå.

27

28 Samspelet mellom profesjonelle og frivillige kulturtiltak må styrkes.

29

30 Venstre vil :

- 31 • styrke det økonomiske vilkåra for produksjonen av ny musikk, scenekunst, visuell  
32 kunst og skrivekunst
- 33 • styrke møtestadane og arenaene der kunst framførast og presenterast.
- 34 • gjera terskelen lågare, slik at fleire kan ta del i kunst og kulturopplevingar.
- 35 • arbeide for eit risikofond for prosjekt som formildar kunstopplevingar til nye grupper  
36 og gjere slike opplevingar til ein større del av folk sine liv.
- 37 • Vidareutvikle biblioteka som møtestadar for menneske med ulik kulturell og sosial  
38 bakgrunn.
- 39 • Styrke biblioteket som aktiv kulturformidlar og som debattarena med bredde og høg  
40 kvalitet
- 41 • arbeide for best mulig kontakt og samhandling mellom de ulike etniske grupper og  
42 kulturar i Vestland fylke, og vil etablere et fagleg råd med deltakarar frå academia og  
43 andre relevante kretsar som kan bidra med rådgjeving og kvalitetssikring i denne  
44 viktige brubygginga.
- 45 • Styrke kunst- og kulturinstitusjonane sitt fokus på ungdom som publikum og  
46 kulturforbrukarar

- 1 • Auke nynorsk produksjon i Den kulturelle skulesekken og den kulturelle
- 2 spaserstokken
- 3 • Sikre satsing på kystkultur og fartøyvern
- 4 • Vidareføre og styrke Vestland som leiande museumsregion
- 5 • Vidareutvikle produksjons- og formidlingsmiljøet for film på Vestlandet
- 6 • Arbeide for nasjonal og regional støtte til markering av Moster 2024- 1000 års
- 7 jubileum for innføring av kristenretten i Norge, som heng saman med Gulating,
- 8 Norges eldste tingsete og ein viktig institusjon frå den eldre norske historia.
- 9 • styrke arbeidet med digitalisering, vern og formidling av tradisjonsmateriale i fylket.
- 10 Arbeidet hjå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane må vidareførast for heile fylket, i
- 11 samspel med andre arkivinstitusjonar, som til dømes Bergen byarkiv.
- 12 • stø opp om Économusée-nettverket/verksemdene som utøvande produsentar og
- 13 formidlarar av kultur- og handverkstradisjonar
- 14 • Styrke musea sine vilkår for drift og investeringar

15  
16

### 17 Frivilligheita:

18

19 Frivillige, lag og foreiningar sørger for eit mangfaldig fritidstilbod til alle innbyggjarar og  
20 bidrar til aktive, dynamiske og robuste lokalsamfunn. Fysisk aktivitet og sosiale nettverk har  
21 ein positiv effekt på folkehelsa og bidrar å til å forebygge einsemd, depresjon, rus,  
22 kriminalitet, psykiske helseproblem mm.

23

24 Vestland Venstre ynskjer meir og betre frivilligheit og vil styrke samhandlinga mellom  
25 offentleg og frivillig sektor. Vi vil utvikle en heilskapleg frivilligheitspolitikk for fylket  
26 Vestland med visjonar for vekst og utvikling i hele sektoren.

27

28 Vestland Venstre ønsker at paraplyorganisasjonar som har fylkesledd innanfor frivillig sektor  
29 skal samarbeide og opprette en fellesskap. Dette vil styrke kunnskapen om feltet, optimalisere  
30 engasjementet, samkøyre kunnskap og utvide engasjementet i befolkninga.

31

32 Vestland Venstre ynskjer å satse på fylkesledd som Frivillig Hordaland og Sogn og Fjordane.

33

### 34 Idrett og friluftsliv

35

36 Idrett er viktig både for å fremje folkehelse, ideal og sunn konkurranse.

37 Friluftslivet er ei viktig kjelde til trivsel og folkehelse.

38 Fysisk aktivitet har ein positiv effekt på folkehelsa, anten det er gjennom idrettsaktivitetar  
39 eller som aktivitet i friluftslivet.

40

41 Venstre vil :

42

- 43 • Utvikle eir breitt og variert friluftstilbod til barn og unge gjennom medverknad.
- 44 • Inkludering av fleire personar med funksjonshemmingar og fleirkulturelle i
- 45 idretten gjennom tilrettelagte arrangement og aktivitetar.

- 1 • Legge til rette for at unge lovande idrettsutøvarar får utvikle seg i lokalmiljøet
- 2 og regionen. Støtte idretten blant anna ved å satse på gode anlegg
- 3 • sikre og støtte tilrettelegging i nærleiken av bustadområde, tettstader og byar
- 4 • Legge til rette for meir fysisk aktivitet i den vidaregåande skulen
- 5 • Satse på prosjekt for merking og gradering av turløyper
- 6 • Vidareføre det gode samarbeidet med regionens friluftsråd
- 7 • Stimulere til auka fysisk aktivitet hos barn og unge.

8

## 9 Folkehelse

10

11 Folkehelseperspektivet er å fremje helse og å førebygge. Helsefremmande arbeid er definert  
12 som ”den prosess som gjer folk i stand til å betre og bevare si helse”, medan førebygging  
13 oftast er retta mot spesifikke risikofaktorar. Helsefremmande arbeid skaper leve- og  
14 arbeidsforhold som er trygge, stimulerande, tilfredsstillande og gir auka trivsel. For å lykkast  
15 må folkehelseperspektivet som eit overordna prinsipp takast med inn i alle område. Venstre  
16 skal synleggjere gjennom vår politikk konkrete tiltak som både er helsefremjande og  
17 førebyggande og slik ha folkehelseperspektivet med i alt vi gjer innan alle politikkområde.

18

19 Nullvisjon for omkomne og skadde i trafikken er eit godt døme på å ha folkehelseperspektivet  
20 med inn i trafikksikringsarbeidet. Det kan vi overføre til andre område. Det er eit paradoks at  
21 t.d. ved sjølv mord så er det fleire som døyr enn i trafikken. Venstre vil ha tiltak som kan bidra  
22 til å førebygge sjølv mord. Alle har ei psykisk helse, og nokon har utfordringar med den. Press  
23 på dei unge særskilt har ført til at fleire slit med sin psykiske helse. Helsefremmande arbeid  
24 skal støtte personleg og sosial utvikling ved å sørge for informasjon, helseopplysning og  
25 kunnskap om meistringsteknikkar

26

27 Alle høyrer til eit lokalsamfunn, og mange deltar i ulike lag og organisasjonar. Den aktiviteten  
28 som vert utført av frivillige lag og organisasjonar bidrar til både helsefremjing og  
29 førebygging.

30

31 Venstre vil:

32

- 33 • bidra til stønadsordningar som kan søkjast av lag og organisasjonar som har tiltak som
- 34 bidrar til helsefremjing og førebygging
- 35 • følge opp det nasjonale programmet - Program for folkehelse i kommunane - og
- 36 inkludere heile Vestland fylket i programmet
- 37 • at fylkeskommunale bygg vert nytta utanom “vanleg opningstid” til både idrett og
- 38 kulturaktivitetar
- 39 • ha ein tannhelsestruktur som gjer eit godt tilbod og i distrikta
- 40 • innføre fylkeskontakt/koordinator for krigsveteranar i Vestland fylke
- 41 • prioritere tiltak for å førebyggja sjølv mord med sikte på å realisere ein nullvisjon.

42

## 1 Eit næringsvenleg og nyskapande Vestland

2

3 Vestland Venstre meiner den nye regionen skal ha ei berekraftig utvikling av næringslivet og  
4 vere verdsléiande på einskilde område. Vi skal ha sterk konkurransekraft om menneskelege  
5 ressursar og kapital. For å lukkast med dei høge ambisjonane må vi ha ei grunnleggande  
6 positiv haldning til berekraftig næringsutvikling, medverka til utvikling og knoppskyting frå  
7 eksisterande næringsliv og ny verksemd frå gründerar.

8 Vestland er langt framme i høve det grøne skiftet. Dette skjer raskare og raskare med  
9 teknologiske endringar som gir moglegheiter det er viktig at vårt næringsliv dreg nytte av  
10 både i eit klima og miljø- og verdimesseige perspektiv.

11 Fiskeri- og havbruksnæringa, olje og gassnæringa, maritim og marin sektor, er viktige  
12 bidragsytarar for å få fram meir framtidretta og klimavenlege teknologiske løysingar for  
13 matproduksjon, CO2 fangst og generell omstilling på viktige område der Noreg er i front på  
14 verdsmarknaden.

15 Utviklinga innan digitalisering vil i stadig sterkare grad påverke kvardagen vår. Vestland  
16 Region har alle føresetnader for å kome styrka ut av, og å vere ei drivkraft, i denne utviklinga.  
17 Samspelet mellom offentleg og privat sektor er vesentleg slik at vi dreg i same retning.

18 Gjennom overordna strategiske planar, føreseielege rammevilkår, utvikling av framtidretta  
19 arbeidskraft og kompetanse og gode løysingar for samferdsle vil vi kunne få til dette.

20 Landbruk og reiseliv er to av berebjelkane for matforsyning, kulturlandskap, verdiskaping,  
21 busetnad, kultur og identitet i vår region. Venstre vil medverke til å utvikle næringane på  
22 naturen sine premiss, og med ei målsetjing om ei berekraftig utvikling der vi dreg nytte av  
23 trendane med naturopplevingar og småskalafordelane vi har med omsyn til produksjon av  
24 kvalitetsopplevingar.

25

26

27 Venstre vil:

- 28 • Vidareføra og styrka regionale planar for kysten
- 29 • Styrke samspelet mellom FoU-institusjonar og næringslivet, for endå betre å  
30 imøtekome behova til næringslivet og halde fram satsinga på inkubatorar og  
31 næringshagar.
- 32 • Legge til rette for innovasjon i etablerte næringar som allereie har gode føresetnader  
33 for vekst og utvikling
- 34 • Bidra til klyngeutvikling og utvikling av nye, innovative næringsmiljø med  
35 vekstpotensiale
- 36 • Prioritere næringsretta verkemiddel til regionale sentre
- 37 • Vidareføre arbeidet med lokalmat og Vestland som matkulturregion
- 38 • Gjennom samarbeid mellom offentlege styresmakter og næringslivet skal alle bedrifter  
39 og innbyggjarar i Vestland fylke ha tilgang til godt breiband innan 2025
- 40 • Ha eit godt samarbeid med høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar i fylket.
- 41 • Reiselivssektoren har lange tradisjonar i Vestland, og står for ein viktig del av  
42 verdiskapinga. Vestland Venstre vil stø opp om NCE-satsinga, vidareutviklinga av  
43 destinasjonsselskap, og arbeide for betre kompetanse i sektoren.

44

## 1 Fiskeri og havbruk:

2

3 Reint hav og ein produktiv kyst har gitt Vestland eit fantastisk grunnlag for fiskeri og  
4 sjømatproduksjon. Målet er at dette skal kunne skje til all tid. Derfor er det også viktig at  
5 uttak av matproduksjonen skjer basert på forskning, og i eit fruktbar samspel mellom det  
6 offentlege og næringane.

7

8 Venstre ser det som særskilt viktig å ivareta det biologiske mangfaldet og naturens eige  
9 økosystem, samtidig som vi ønskjer å inspirere til innovasjon og utvikling av havbruk.

10

11 Fiskeri, havbruk og andre marine ressursar skal være motorar i utviklinga av det nye  
12 fornybare Norge. Vestland er blant dei fremste i verda innan havbruk, og vi har store  
13 moglegheiter til å være verdslaiande i forskning på dyrking og hausting av tang, tare, algar og  
14 anna marin forskning.

15 Vestland Venstre vil ha ei berekraftig oppdrettsnæring som tek vare på miljøet i havet, utan at  
16 havet får tilført for mykje nærings-saltar, organisk materiale og legemidlar som skadar flora og  
17 fauna. For Vestland og Noreg er det viktig at næringa kan oppretthalde og vidareutvikla si  
18 verksemd på eit berekraftig vis.

19

20 Omsynet til villaksen må vere eit heilt grunnleggjande omsyn når ein tildeler  
21 oppdrettskonsesjonar. Det må ikkje verte gjeve dispensasjonar som utvidar tilgangen til  
22 oppdrett når dette kan forvanska villaksen si tilvære, i det vidare arbeide med kystsoneplanen.

23

24 Det må stillast strengare krav til reduksjon av lakselus og rømming av fisk, og satsast meir på  
25 forskning og utvikling i oppdrettsnæringa. Slik sikrar ein både levekåra for villaksen og  
26 sjøauren, og oppdrettsnæringa.

27

28 Venstre vil:

29

- 30 • Stø opp om arbeidet med å gjere Vestland til eit internasjonalt kraftsenter for marin  
31 kompetanse.
- 32 • Legge til rette for utvikling av ny lukka teknologi innan fiskeoppdrett gjennom å  
33 prioritere konsesjonar til oppdrett i lukka einingar på land eller i sjø
- 34 • Vere ein pådrivar for at vi kan auka vår hausting av den blå åkeren frå eksisterande og  
35 nye artar oppdrett basert på kunnskap og ny teknologi.
- 36 • Hindre forsøpling av hav- og kystområda våre
- 37 • Auka satsinga på kvalitet i alle ledd i fiskerinæringa og nytte restråstoff frå fiskeria til  
38 anna næringsverksemd

39

40

## 41 Gründerskap:

42

43 Vestland Venstre vil at Hordaland skal bli leiande på næringsutvikling i Noreg, og vil føre ein  
44 politikk som fremjar nyskaping og gründerskap. Her er Ungt Entreprenørskap i skulen særleg  
45 viktig. Ein vesentleg del av elevar med utdanning i entreprenørskap startar eiga verksemd.

1 For Venstre er det grunnleggande at det offentlege og fellesskapet skal være positive til  
2 ønsket om å være sjølvstendig næringsdrivande. Regionens haldning må være at det skal være  
3 attraktivt og positivt at innbyggjarane i Vestland ønsker å skape arbeidsplassar for seg sjølv og  
4 andre. Ønske om å realisere drøymer må vere attraktivt og ikkje gje en forvanska økonomisk  
5 situasjon.

6

7 Venstre vil:

8

- 9 • Styrke satsing på Ungt Entreprenørskap i vidaregåande skule
- 10 • Følgje opp nystarta verksemder med internasjonalt vekstpotensial
- 11 • Halde fram satsinga på inkubatorar og næringshagar
- 12 • Ha moderne infrastrukturløysingar

13

14

15 Landbruk:

16

17 Vestland Venstre vil at vi skal vere i verdsklasse på kvalitet og opplevingar knytt til  
18 matproduksjon og konsum av denne. Det er viktig å sikre ein trygg og stabil auke i  
19 verdiskapinga og matproduksjonen i Vestland samstundes som samspelet med  
20 reiselivsnæringa er vesentleg for å utvikla auka lønsemd i næringa. Vårt fylke er no det største  
21 på frukt og bær i landet. Det skjer mykje spennande innan foredling av småskalaproduksjon  
22 som det er viktig å stø opp om for å sikra Vestland sitt omdøme, og utvikling og busetnad i  
23 heile fylket.

24

25 Venstre vil:

26

- 27 • Leggje til rette for meir nisjeproduksjon og ein breiare og meir variert landbrukssektor  
28 som legg større vekt på kultur, kulturlandskap, turisme og opplevingar knytte til god  
29 mat og drikke.
- 30 • Jobbe for at det blir enklare å produsere og omsette lokalprodusert mat.
- 31 • Ha fokus på tiltak som kan styrka vår konkurranseevne, t.d. beskytta geografisk  
32 nemning
- 33 • Styrka satsing på frukt og bær, mellom anna støtte opp om etablering av Njøs frukt- og  
34 børsenter.
- 35 • At husdyr skal haldast i miljø som gjer god livskvalitet, og funksjonsfriske dyr skal  
36 vere ein føresetnad for alle typar avl. Dyr har ein eigenverdi, og handtering av husdyr  
37 skal skje med omsorg og respekt for dyra sin eigenart
- 38 • Ta i bruk meir av grovfôrressursane i inn- og utmark
- 39 • Verne om matjorda og ha ei streng praktisering av jordvernet.
- 40 • at all handtering av dyr i landbruket skal skje med omsorg og respekt for dyra sin  
41 eigenart.
- 42 • Medverke til auka matproduksjon i bymessige strøk, t.d. i parsellhagar

43



1 Reiseliv og kulturbasert næring:

2

3 Vestlandet har fantastiske fjordar og natur som kvart år fører millionar av reisande til  
4 regionen. Venstre sitt mål for reiselivsutviklinga er at Vestland fylke skal vere ein god stad å  
5 bu og leve, og å reisa til. Vi vil ha berekraftige destinasjonar, som i større grad tek i bruk heile  
6 fylket, heile året. Venstre vil at vi skal satsa på kvalitet framfor kvantitet. Vi vil trekkja til oss  
7 fleire turistar som vil oppleva naturen og kulturen framfor masseturismen som t.d.  
8 cruisenæringa representerer.

9

10 Venstre vil:

- 11 • Støtte opp om produktutvikling i reiselivet som sikrar meir lønsame og berekraftige  
12 reiselivsprodukt
- 13 • Utvikle attraksjonar knytt til viktige kulturhistoriske landskap i regionen
- 14 • At samspelet mellom reiselivs- og kulturverksemdar skal bidra til auka aktivitet
- 15 • Støtte opp om Nærøyfjorden verdsarvpark, verdsarvsenteret på Bryggen og  
16 etableringa av eit verdsarvsenter på Urnes
- 17 • Legge til rette for verdiskaping knytt til kulturminne
- 18 • Ha nasjonale retningslinjer for cruisetrafikken som gir kommunane høve til å setja tak  
19 på tal skip/besøkande dei tek i mot pr. dag og stilla klima- og miljømessige krav  
20 næringa må innfri
- 21 • Jobbe for at reiselivsdestinasjonar vert sertifisert innan berekraft.
- 22 • Samarbeid innan reiselivet i regionen er viktig i ein sterk global konkurranse.  
23 Reiselivet i vår region har vore flinke, men det er viktig å styrke og betre dette  
24 samarbeidet, slik at fleire turistar kjem til Vestlandet - heile året
- 25 • Vidareutvikle prosjektet «Travel like the locals».
- 26 • Jobbe for betre infrastruktur for sosialt entreprenørskap, og vurdere støtteordningar  
27 som stør opp om at fleire sosiale entreprenørar kan lukkast
- 28 • Medverke til ideen om eit Nynorskens Hus i Førde, der media og Sogn og Fjordane  
29 Teater er samla under eitt tak